



**755** Tanncyster i kjevebein  
hos hund

**795** Kommentar til  
takstundersøkelse

**800** Portrettet: Bærekraftig  
produksjon skal gi økt vekst

# Optima – eit produkt for framtida

Det har vore ein debatt om Optima i det siste. Det er bra at Optima får omtale, og at produkta etter kvart blir meir kjende i veterinærmiljøet. For meg personleg har Optima vore svært nyttig. Det viser seg at ikkje alle er like glade for produkta. Det blir klaga på manglande eller mangelfull vitskapleg dokumentasjon, samt andre meningar om produkta og marknadsføringa.

Når det gjeld forsking og vitskapleg arbeid, er det institusjonar som for eksempel NMBU Veterinærhøgskolen som er rette instans. Den diskusjonen må ein overlate til folk med rett kompetanse. Men når det dukkar opp nye hjelpemiddel eller produkt som kan sjå lovande ut, er det svært interessant å sjå om det fungerer i praksis. Svært ofte blir ein skuffa. Produkta gjev ikkje den effekten som det blir lova.

Men så skjer det av og til uventa og gledelege ting. Optima er eitt av desse få unntaka. Dei ulike Optima-produktene har hatt ein utruleg god effekt. Dette gjeld både sjampo, hudvask og gel, som vi har brukt i den nærmaste familien, og på dyr i praksisen min. Og ein hører det same av andre som har prøvd det.

Så no er Optima ein fast del av inventaret, både heime og i praksisbilen. Negative effektar er enno ikkje obser-

vert, men positive effektar er det rikeleg med. Og ein kan sjå at Optima pH står i hyllene til alle dei utstyrsleverandørane til landbruket som eg er innom.

Magne Skjervheim har med denne produktserien gjort eit eineståande pionerarbeid. Det er truleg ikkje nokon annan norsk veterinær som har gjort liknande oppfinningar som kjem så mange til nytte. Dersom ein skulle tilrå at noko skulle seiast om dette produktet, og om Magne Skjervheim, også frå ein institusjon som NMBU Veterinærhøgskolen, så måtte det vera å gje han den største honnor. Og gå gjerne i gang med kliniske forsøk for å sjekke at produkta held mål!

Andre land har titlar som æresdoktor for veterinærar som har gjort særleg fortenestfullt arbeid. Det har vi ikkje her, men Magne Skjervheim står i ei særstilling med det arbeidet han har utført og den bedrifta han har bygd opp.

Optima er komen for å bli.

## Nils Leine

Veterinær  
2975 Vang i Valdres

# iHarmoni

– Nevromodulerende næringsstoffer og stress

Nevromodulerende næringsstoffer understøtter ernæringsmessig den mentale funksjon og balanse.

**iHarmoni** kan benyttes i uvante, nye eller stressende situasjoner, og i tilslutning til mental og fysisk trening.



**iHarmoni** inneholder kun naturlige næringsstoffer og er ikke vanedannende og har heller ingen uønskede virkninger.

For mer utfyllende informasjon om **iHarmoni** besøk [lifeline.no](http://lifeline.no)

Kontaktinformasjon Lifeline: 22 07 19 40 post@lifeline.no



**Lifeline as**  
*Livslep, helse og sunnhet i et faglig perspektiv*